



Jobbnorge-ID: 143549

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Instruktørtannlege (20 %) ved Institutt for klinisk odontologi, Seksjon for kjeve- og ansiktsradiologi

Ved Universitetet i Bergen, Det medisinske fakultet, [Institutt for klinisk odontologi](#), er det ledig ei fast stilling som instruktørtannlege (20 %) med arbeidsplass for tida ved Seksjon for kjeve- og ansiktsradiologi. Arbeidsdag er for tida torsdag, men dette kan endrast.

Den som vert tilsett vil ha arbeidsstad ved Seksjon for kjeve- og ansiktsradiologi, men må og rekne med å gjere teneste ved andre fagseksjonar/einingar:

Seksjon for endodonti, førebyggjande tannhelse, kariologi, kjeveortopedi, oral kirurgi og oral medisin, oral protetikk, pasientinnskrivning, pedodonti og periodonti.

Arbeidsoppgåver

Arbeidet omfattar klinisk og teoretisk undervisning av kandidatar og studentar, behandling av institusjonen sine pasientar, rettleiing og vurdering av kandidatane og studentane både praktisk og teoretisk. I tillegg vil det vere aktuelt å vere med på å utvikle instituttet ved deltaking i prosjekt og utval. Det vil vere høve til å delta i faglege fora.

Krav til kvalifikasjonar og personlege eigenskapar

Søklar må ha norsk autorisasjon som tannlege på tilsetjingsdato. Det er ønskeleg med omfattande erfaring frå allmennpraksis, klinisk erfaring i radiologi og undervisningserfaring.

For å få fast tilsetjing er det ønskeleg med to års erfaring frå allmenn praksis som tannlege.

Søklar bør ha anna stilling utanom Institutt for klinisk odontologi for å oppretthalde sine kliniske ferdigheitar.

Den som vert tilsett må ha god kunnskap i norsk, både munnleg og skriftlig, kunne arbeide sjølvstendig, vere ansvarsmedviten, fleksibel og ha gode kommunikasjons- og samarbeidsevner. Ved vurderinga vert det lagt vekt på personlege eigenskapar og fagkompetansen som er naudsynt for stillinga.

For stillingane gjeld Særavtale om arbeidsvilkår m.v. for instruktørtannlegar ved universiteta i Oslo og Bergen. <http://regler.app.uib.no/regler/Del-3-Personal-og-HMS/3.1-Personalforvaltning/3.1.3-Regler-og-retningslinjer-for-vitenskapelige-stillinger/Retningslinjer-for-stilling-som-instruktoertannlege-ved-UiB-og-UiO>

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar professor Xie Qi Shi, tlf.: 55 58 66 31, e-post: Xieqi.Shi@uib.no eller overtannlege Inger Johanne Bruntveit, tlf.: 55 58 66 27, e-post: Inger.Bruntveit@uib.no

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- stilling som instruktørtannlege (kode 1015) er lønt i lønnssteg 58-66 etter kvalifikasjonar (for tida 499 600 - 579 300 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling), alternativt kode 1353 for søklarar som har spesial-/spesialistkompetanse.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Du kan lese meir om kva Universitetet i Bergen kan tilby som arbeidsgjevar ved å gå inn på nettsida: <http://www.uib.no/poa/74687/hva-kan-universitetet-tilby-sine-medarbeidere>

Om rekruttering i statlege stillingar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søklar kan bli gjort offentleg sjølv om søklar har oppmoda om ikkje å bli ført på søkarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søklar varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Send søknad elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Søknaden skal innehalde:

- søknadsbrev der du seier noko om din motivasjon for stillinga, kvifor du søker og kvifor du passar til stillinga
- oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Søknader som vert sendt på e-post vil ikkje verte vurderte.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Søknadsfrist: 05.11.2017

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: